



# GULEN KOMMUNE

Plan, landbruk og teknisk

Internt

Sakshandsamar: MIN	Direkte tlf.nr: 57 78 20 41	Arkiv M12	Saksnr 04/01724	Løpenr 003476/05	Dato: 27.06.05
-----------------------	--------------------------------	--------------	--------------------	---------------------	-------------------

## KOMMUNALE VASSVERK - STIKKLEIDNINGAR, REGLEMENT FOR TILKNYTING

Vedteke av Gulen kommunestyre 27.06.02. Sak 0047/02 .

### HENVISNINGAR

- Plan- og bygningslov med forskrifter.
- Forskrifter om vassforsyning og drikkevattn.

### 1. ADMINISTRATIVE BESTEMMELSAR

#### 1.1 Virkeområde

Reglementet gjeld for leidningsanlegg som skal knytast til kommunale vassverk og avløpsanlegg.

Eigarar av slike anlegg må, for å få slik tilknytning, godta dei vilkåra som kommunen set.

Desse vilkåra er utan atterhald å sjå på som vedtekne av abonnenten når tilknytning har funne stad.

Reglementet er bindande for dei som utfører arbeid som er/vert tilknytt kommunalt vassforsynings- og avløpsnett.

#### 1.2 Forskrift

Kommunen kan gje forskrifter til gjennomføring og utfylling av dette reglementet.

#### 1.3 Handheving

Reglementet skal handhevast av kommunen v/ teknisk sjef.

#### 1.4 Klageinstans

Det faste utval for plansaker.

Klagefrist er 3 veker.

---

<b>Adresse</b>	<b>Telefon</b>	<b>Telefax</b>	<b>Bankgiro</b>	<b>Org.nr.</b>	<b>E-post</b>
5966 Eivindvik	57 78 20 00	57 78 20 99	3817.07.01051	938497524	postmottak@ gulen.kommune.no

### 1.5 Melding og utføring av anlegg

- Arbeid skal meldast og utførast av autorisert firma/rørleggjar.
- Melding skal skje på skjema fastsett av kommunen, og vedlagde teikningar må vere i samsvar med forskrift.
- Utsifting av utstyr som ikkje medfører endringar av eksisterande anlegg treng ikkje meldast.
- For arbeid som ikkje er starta opp innan eit år etter godkjenning, fell godkjenninga bort.
- Dersom eit rørleggjararbeid vert overdrege til eit anna firma, må dette meldast til kommunen.
- Større endringar i anleggsperioden skal meldast.
- Melding om arbeid skal vere godkjent før arbeidet vert starta opp, med mindre kommunen godkjenner noko anna.

### Skjema

Arbeid meldast på fastsett skjema i tre eksemplar. Det skal gjevast ein enkel beskrivelse av den del av arbeidet som ikkje går fram av teikningane.

Tinging av arbeid som skal utførast av kommunen skal skje på eige skjema, eller rekvirerast pr. telefon.

### Teikningar

Teikningar mrk. med gards- og bruksnr sendast inn i 2 eksemplar:

- Situasjonskart, Målestokk 1: 5000 eller 1: 1000.
- Detaljteikningar i naudsynt omfang.

Utførande firma/rørleggjar skal syte for at det ligg føre eit ajourført sett teikningar til kommunen sitt arkiv så snart anlegget er ferdig.

### 1.6 Tinglyste erklæringar

Ved melding av anlegg skal det leggjast ved erklæringar som evt. kan tinglysast i følgjande tilfelle:

- Når leidningar med kummar vert lagt over annan eigedom.
- Når leidningar m.m. er felles for fleire eigedomar.
- Når særskilde tilhøve tilseier det.

Erklæringane må vere påført at dei ikkje kan avlysast utan samtykke frå kommunen.

### 1.7 Godkjenning

Dei vilkår som skal knytast til godkjenning av det enkelte anlegg vert fastsett av kommunen i det enkelte tilfelle.

### 1.8 Synfaring, kontroll.

Kommunen har rett til når som helst og utan varsel å føreta synfaring på godkjende anlegg og på anlegg som er under utbygging (stikkprøvekontroll).

Signert kontrollplan skal sendast inn for alle anlegg før ferdigsynfaring.

### 1.9 Prøving

Trykkprøving skal utførast.

Underteikna protokoll over prøveresultat skal leggjast fram.

Prøving utover dette vert fastsett i kvart enkelt tilfelle.

### 1.10 Materialar og utstyr

Materialer og utstyr skal vere godkjent av kommunen og vere etter Norsk Standard.

## **2. TEKNISKE KRAV**

### 2.1 Dimensjonering

Følgjande faktorar skal leggjast til grunn for dimensjoneringa:

- Tal abonnentar
- Lengde stikkledning
- Min. trykk i tilknytingspunkt.
- Vassuttak utanom vanleg hushaldsabonnement dimensjonerast særskilt.

### 2.2 Trykktilhøve

- Frå hovudvassledning er føresett at trykket ikkje skal overstige 8 bar.
- Abonnten er ansvarleg for å montere trykkreduksjonsventil slik at vasstrykk innomhus ikkje overstig 6 bar.
- Minste naudsynte trykk ved tappestad/ tilknytingspunkt for å oppnå normal vassmengde må undersøkjast i kvart enkelt tilfelle.
- Trykkklasse/ materialkvalitet: min. PN 10 (10 bar).

### 2.3 Utføring / legging av vassleidningar

- For leidningar i grunnen må det takast omsyn til påkjenningar gjennom jordtrykk, trafikklast og setningar.  
Det må sikrast mot frost. Frostfri djupne varierer frå stad til stad i kommunen, og bør avklarast i det enkelte tilfellet.
- Dersom varmekablar vert nytta må desse avpassast slik at røyra ikkje vert skadde.
- Fleire leidningar i same grøft må leggjast slik at kvar enkelt ledning vert lett tilgjengeleg.

### 2.4 Tilknytning og opphør av tilknytning til hovudledning.

- Tilknytning eller fråkobling kan berre utførast av godkjent røyrleggar/firma etter rekvisisjon frå kommunen, mot at det vert betalt inn tilknytingsavgift til kommunen etter eige regulativ. Det kan gjevast fritak for årsgebyret når gebyrpliktig eigedom fysisk vert kopla frå.
- Langs hovudledningstrasèen vert tilvist tilkoplingspunkt i eller ved vassverkskum / avløpskum.

### 2.5 Stengeventilar for vatn.

- Einkvar bygning skal ha innvendig hovudstengeventil plassert før første avstikk.
- Ved rekkehus og liknande kan slik ventil sløyfast, men det må då etablerast utvendig hovudstengeventil.
- Stengeventilar på offentleg hovudleidning skal berre manøvrerast av kommunen / brannvernet sine folk, eller dei som på vegne av kommunen har fullmakt til dette.

### 2.6 Utvendig hovudstengeventil.

- På einkvar utvendig stikkleidning for vatn, skal det etablerast ein utvendig hovudstengeventil så nær hovudleidning som mogeleg.
- Ved forgreining av stikkleidning, etablerast stengeventil i forgreiningpunktet.
- Stengeventil skal merkast i ajourført kart eller teikningar til kommunen sitt arkiv.

### 2.7 Vassmålarar.

- Vassmålar plasserast frostfritt og på lett tilgjengeleg stad for avlesing. Den skal i regelen monterast inne i bygningen og så nær innføringspunktet som mogeleg.
- Utvendig målar monterast i eigen kum som skal ligge innafor eigedomsgrensa. Kumdiameter min 0,65 m.

### 2.8 Stikkleidning avløp.

- På stikkleidningar over 40 m skal det etablerast stakekummar på avløpsleidningen for kvar 40 m.
- Fall på sjølvfallsleidning må vere min. 1 %.

Eivindvik 04.04.02.

Rune Midtun